

Eksamen

29.05.2017

SSS2002

Sikkerheit/Sikkerhet

Programområde: Service og samferdsel

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal desse alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Denne eksamensoppgåva tar utgangspunkt i kompetansemåla under:</p> <ul style="list-style-type: none">- Kunne lage risikoanalysar for arbeidsprosessar og verksemdar i ulike bransjar og foreslå tiltaksplanar med fysiske, manuelle og administrative tiltak for å redusere risiko.- Kunne identifisere mulege brannårsaker, lage og følgje ein branninstruks og slokke mindre branntilløp.- Kunne lage eit system for internkontroll og anna HMS-arbeid ut i frå dei gjeldande reglane i små verksemdar.- Kunne vurdere konfliktrisiko i ulike situasjonar og forslå tiltak for å førebyggje og handtere konfliktsituasjonar. <p>Din kompetanse i faget blir målt ut frå desse vurderingskriteria:</p> <p>Karakter 1-2: Reprodusere, gi att, kopiere frå læreboka. Karakter 3-4: Bruke teori, forklare, gjere greie for, komme med eksempel. Karakter 5-6: Vurdere, analysere, reflektere, samanlikne, grunngje.</p>
Andre opplysningar	Ta eigne faglege val der du finn det nødvendig for å kunne svare på oppgåvene.

Oppgave 1

Bakeriet Steike Godt as

«Bakeriet Steike Godt as» er ei nyoppretta bedrift som bakar- og konditormeister Per Bolle eig 100%. Bedrifta består av tre avdelingar: bakeriet som framstiller mange forskjellige sortar brød, konditoriet som framstiller mange forskjellige typar kaker, og utsalet, som sel både brød og kaker og enkle lunsjrettar.

Bedrifta er lokalisert på eit nyoppretta industriområde i utkanten av ein større by. På industriområdet er det allereie etablert 15 bedrifter og det er kapasitet til det tredobbelte. Industriområdet er omgjeve av skog på tre kantar, mot ein riksveg på den fjerde og er ikkje sikra på nokon måte. I skogen er det ei hytte der eit etablert rusmiljø på ca. 20-25 personar held til.

- a) Per Bolle ber deg forklare kva tiltak du vil foreslå for å sikre industriområdet.
- b) Per Bolle er redd for innbrot i bedrifta og ber deg forklare kva tiltak du vil foreslå for å sikre bedrifta.
- c) Per Bolle er oppteken av at arbeidsmiljøet skal vere så godt som muleg, men har ennå ikkje hatt mykje tid til å sjå på dette. Han vil prioritere Helse, miljø og sikkerheit, og internkontroll og bed deg sette opp eit framlegg til kva bedrifta som minimum i følgje lova bør prioritere, når det gjeld dette området. Ha med konkrete framlegg.
- d) Per Bolle er også oppteken av å følgje dei gjeldande lovane og reglane, men har ikkje heilt fått med seg kva arbeidsgjevaransvaret er når det gjeld brannsikkerheit. Forklar dette kort for han og sett opp eit konkret framlegg til branninstruks for bedrifta.
- e) Ein ettermiddag rett før stengetid, mens Per ekspederer i utsalet, kjem det inn ein person frå rusmiljøet i skogen, som opptrer aggressivt. Per veit ikkje heilt kva han skal gjere i denne ubehagelege situasjonen. Forklar konkret for Per tre måtar konflikten kan løysast på.

Bokmål

Eksamensinformasjon



Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Denne eksamensoppgaven tar utgangspunkt i følgende kompetansemål:</p> <ul style="list-style-type: none">- Kunne lage risikoanalyser for arbeidsprosesser og virksomheter i ulike bransjer og foreslå tiltaksplaner med fysiske, manuelle og administrative tiltak for å redusere risiko.- Kunne identifisere mulige brannårsaker, lage og følge en branninstruks og slukke mindre branntilløp.- Kunne lage et system for internkontroll og annet HMS-arbeid ut i fra gjeldende regler i små virksomheter.- 4. Kunne vurdere konfliktrisiko i ulike situasjoner og forslå tiltak for å forebygge og handtere konfliktsituasjoner. <p>Din kompetanse i faget måles ut fra følgende vurderingskriterier:</p> <p>Karakter 1-2: Reprodusere, gjengi, kopiere fra læreboka. Karakter 3-4: Anvende teori, forklare, gjøre rede for, komme med eksempler. Karakter 5-6: Vurdere, analysere, reflektere, sammenligne, begrunne.</p>
Andre opplysninger	Ta egne valg der du finner det nødvendig for å kunne svare på oppgavene.

Oppgave 1

Bakeriet Steike Godt as

«Bakeriet Steike Godt as» er en nyopprettet bedrift som eies 100 % av baker- og konditormester Per Bolle. Bedriften består av tre avdelinger: bakeriet som fremstiller mange forskjellige sorter brød, konditoriet som fremstiller mange forskjellige typer kaker, og utsalget, som selger både brød og kaker og enkle lunsjretter. Bedriften er lokalisert på et nyopprettet industriområde, i utkanten av en større by. På industriområdet er det allerede etablert 15 bedrifter og det er kapasitet til det tredobbelte. Industriområdet er omgitt av skog på tre kanter, mot en riksvei på den fjerde og er ikke sikret på noen måte. I skogen er det en hytte der et etablert rusmiljø på ca. 20-25 personer holder til.

- a) Per Bolle ber deg forklare hvilke tiltak du vil foreslå for å sikre industriområdet.
- b) Per Bolle er redd for innbrudd i bedriften og ber deg forklare hvilke tiltak du vil foreslå for å sikre bedriften.
- c) Per Bolle er opptatt av at arbeidsmiljøet skal være så godt som mulig, men har ennå ikke hatt mye tid til å se på dette. Han vil prioritere Helse, miljø og sikkerhet, og internkontroll. Han ber deg sette opp et forslag til hva bedriften minimum bør ha ifølge loven, med konkrete forslag.
- d) Per Bolle er også opptatt av å følge gjeldende lover og regler, men har ikke helt fått med seg hva arbeidsgivers ansvar er når det gjelder brannsikkerhet. Forklar dette kort for han og sett opp et konkret forslag til branninstruks for bedriften.
- e) En ettermiddag rett før stengt, mens Per ekspederer i utsalget, kommer det inn en person fra rusmiljøet i skogen, som opptrer aggressivt. Per vet ikke helt hva han skal gjøre i denne ubehagelige situasjonen. Forklar konkret for Per tre måter konflikter kan løses på.



www.vigoiks.no/eksamen